

Nyhetsmail frå Midtøsten 2018 nr 2

Den store gode nyheten eg kan formidla i dag er at NORAD har løyva støtte til både Midtøsten og Pakistan via NMS både for i år og i alle fall komande tre år. Men sjølv om det skjer, er det ingen grunn til å bremsa på innsamlingsarbeidet til NMS direkte. Den økonomiske situasjonen er svært vanskeleg, så utfordringa både til menigheter og enkeltpersonar står ved lag: NMS treng dykk! Ikkje for sin eigen del, men for alle dei som står på for Jesus, for kyrkja si og for folket sitt.

Valutaen er heller ikkje på NMS si side når dei fleste av budsjetta er i USD (gjeld ikkje NORAD-budsjetta!), og krona er kraftig svekka. Då er trøysta at mottakar på si side – som har ein endå dårlegare valuta – får ein større sum enn planlagt i lokal valuta.

For forfølgde i Pakistan

NMS har i fleire år støtta arbeidet for forfølgde i Pakistan gjennom CLAAS (Centre for Legal Aid, Assistance and Settlement) i England. No har me også knytt kontakt med [den store søsterorganisasjonen i Pakistan](#), og det er den som har fått innvilga ein årleg støtte



F v Nasir Saeed, CLAAS UK, Åslaug Ihle Thingnæs, NMS, Joseph Francis og Eiga Kenny, CLAAS Pakistan
Foto: NMS-info

frå NORAD på 1 million NOK frå no og tre år framover. Eit mindre prosjekt som handlar om å bygga opp eit koordinasjonskontor for den sameina kyrkja, Church of Pakistan, er også lova støtte.

Under føresetnad av visum reiser underteikna til Pakistan første veka i oktober for å delta på ei samling for skandinaviske partnerar av CoP og dessutan møta CLAAS og drøfta samarbeidet vidare.

Aktualitetsmagasin for ungdom

I Egypt får TV-kanalen SAT-7 ein ny prosjektperiode med program retta mot ungdom. Der er summen rundt 3 millionar NOK i året. I år har kanalen testa ut forskjellige format, og dei vert evaluert i haust for å finna ut kva profilen på det nye programmet skal vera. Les meir om SAT-7 i Insight; juni-nummeret er lagt ved denne eposten.

Også medieorganisasjonen Middle East Media får NORAD-støtte til sitt prosjekt «Living for a better story». Prosjektet bygger på Mirjams dagbok som NMS støtta i mange år. Det handlar framleis om å styrka kvinners rettar og gi dei mot og kraft til å stå oppreist i møte med undertrykkinga i samfunnet. Konseptet er prøvd ut i Kairo, og målet no er å utvida med fem byar og involvera både kvinner



Gruppearbeid med drama er ein av metodane MEM bruker.
Foto: MEM

og menn mellom 20 og 50 år. Gjennom kurs- og samtalegrupper og ei interaktiv nettside vil dei ta opp tema og problemstillingar knytt til både undertrykking og vald mot kvinner.

Utvider med aldersbustader



Frå byggearbeidet for toppetasjen med aldersbustader, Foto: GFS

På det diakonale senteret skjer det endringar i og med at toppetasjen kan ta imot gamle som ikkje kan bu heime lenger. Det er ikkje mange som får plass, men direktør Beshay vonar å vera til hjelp for nokre. Dei må betala etter evne, men håpet er at aldersheimen i alle fall skal gå i balanse og kanskje også gi eit lite tilskot til andre deler av senteret. Det har vore og er ei utfordring med høg inflasjon og stor prisstigning også på byggemateriell mm, men ønsket om å hjelpa folk i nabolaget er varmt og sterkt, så dei står på både for unge og gamle!

U Crew og U Team i Egypt

I sommar hadde NMS U eit team på seks ungdommar som deltok i praktisk arbeid på Anafora. Bortsett frå utfordringa med svært høg temperatur, var det eit interessant og inspirerande opphald. At det frå i haust også er eit ungt ektepar som er U Crew utsendingar i Kairo - eittåringar - gjer at linken til Egypt vert styrka. Audun og Solveig Ommedal skal vera med i arbeidet blant flyktingar som vert drive av menigheten Kasr el Dobarah. Dei skal m.a. ha engelskundervisning for ungdommar og håper å læra seg ein del arabisk i løpet av året.



Hala, Kristen, Mona og Hany frå arbeidet mellom arabisk talande i Spania var på besøk i Norge i juni. Foto: Eivind Hauglid, NMS

U Crew er også på plass i Spania. Saman med misjonærar frå fleire andre land og under leiing av eit misjonærpar frå Egypt (sjå foto) arbeider dei på to sosiale sentra i tillegg til i den arabisk talande menigheten som er etablert. Dette kan de lesa om i MT seinare i år.